

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 13.10.2023
FRÅ: Administrerende direktør
SAKSHBEHANDLAR: Ola Jøsendal
SAKA GJELD: **Bemanning og kompetanse innan sikkerhetspsykiatrien**

ARKIVSAK: 2020/660
STYRESAK: 106/23

STYREMØTE: 01.11. 2023

Administrerende direktør si orientering pkt. 6

Bakgrunn:

I styremøte 23.03.2022 ba styret i Helse Vest om at det ved neste gjennomgang av handlingsplan for sikkerhetspsykiatri blei gitt ei orientering til styret om:

- Samansetting av bemanning innan sikkerhetspsykiatrien, inkludert omfanget av ufaglærte
- Vurdering av omfanget av vald og truslar i relasjon til medarbeidarane sin kompetanse

I styremøte 6.september blei det i sak 86/23 drøfta behov for gjennomgang og revisjon av regional plan for sikkerhetspsykiatri utan at det overståande vart inkludert. Administrerende direktør vil med dette notatet gi ei orientering til styret som etterspurd 23.03.22. Notatet har vore utarbeida saman med helseføretaka i regionen og saksnotatet har vore utarbeida saman med ansvarlege klinikkdirektørar i dei fire helseføretaka i regionen, samt leiar for Regional sikkerhetsavdeling (RSA).

Bemanningsfaktor

Ved Regional sikkerhetsavdeling (RSA) er det fem tilsette pr døgnplass, bemanningsfaktor 5. Ved Lokal sikkerhetsavdeling (LSA) i Bergen er bemanningsfaktoren 4,25, i Fonna 3,85, i Førde er det felles bemanning med andre einingar og eigen faktor for lokal sikkerhetsavdeling er ikkje talfesta, i Stavanger 3. Det ligg ikkje føre norm eller tilråding for bemanningsfaktor nasjonalt. I kva grad den einskilde bemanningsfaktor er forsvarleg blir ei totalvurdering ut frå kva utfordringar pasientmassen utgjer. Helse Vest har i styringsdialogen med dei lokale helseføretaka peikt på ei målsetting om ein bemanningsfaktor rundt 4 for dei lokale sikkerhetsavdelingane.

Samansetting av bemanning, kompetanse

Det ligg føre detaljert oversyn over korleis samansetting av kompetanse er. Dei ulike einingane har også signalisert kva behandlarkompetanse dei meiner å ha trong for. LSA i Bergen, Fonna og Førde har meldt behov for ein ekstra psykiater. Stavanger LSA har meldt behov for ein ekstra psykologspesialist. LSA Fonna har meldt behov for ein ekstra psykolog.

Omfang av ufaglærte

Ufaglærte er registrerte i kategorien 'assistent'. Ved RSA er om lag 20% av dei tilsette assistentar, ved LSA i Bergen er det om lag 15%, LSA Fonna om lag 15%, LSA Førde om lag 7%, LSA Stavanger om lag 25%.


Kompetanse, farligheitsvurdering og risikokartlegging

Det er fleire ulike læringsverktøy for valdsrisikovurdering, i Helse Vest er det ønskeleg at flest mogleg som arbeidar i sikkerhetspsykiatrien har gjennomført minimum HCR-20 kurs for valdsrisikovurdering. Andelen tilsette med over 50% stilling som har HCR-20 kurs eller høgare kompetanse er 75% ved RSA, 74% ved LSA Bergen, 20% ved LSA Fonna, 73% ved LSA Førde og 90% ved LSA Stavanger.

Førekost av vald og truslar

Helse Fonna

Tal gjeld heile klinikk for psykisk helsevern og rus, slik det er mogeleg å hente frå Rapportportal:





Helse Fonna har også meldt eit oversyn over tilfeller registrert i Synergi, vald og truslar om vald:

	2021	2022	01.01.23-30.09.23	01.01.21-30.09.23
Valen sjukehus/sikkerhetsposten	30	28	32	90
Valen sjukehus/sikkerhets- og rehabiliteringsposten	14	20	2	36
Valen sjukehus/ambulant sikkerhetsteam	0	0	0	0

Helse Bergen


Tal gjeld heile divisjon psykisk helsevern, slik det er mogeleg å hente frå Rapportportal:



Helse Førde

Tal gjeld heile klinikk for psykisk helsevern og rus, slik det er mogeleg å hente frå Rapportportal:


Vold og trusler mot ansatte (1.9.9.)



Helse Stavanger

Tal gjeld heile klinikk for psykisk helsevern og rus, slik det er mogeleg å hente frå Rapportportal:


Vold og trusler mot ansatte (1.9.9.)



Tidsperiode fra 01.01.2020 til 11.10.2023

Vold og trusler mot ansatte (1.9.9.)

Rapporten er oppdatert: 11.10.2023



Drøfting

Styret etterlyste status for bemanning og kompetanse, i relasjon til vald og truslar innan sikkerheitspsykiatrien. Situasjonen innan sikkerheitspsykiatrien er dynamisk i den forstand at pasientmassen er i kontinuerleg endring anten ved inntak og utskrivning av pasientar, eller ved at den einkilde pasient sin situasjon er i endring. Det er difor svært vanskeleg å gjere ei overordna vurdering av i kva grad bemanning og kompetanse fullt ut svarer ut dei utfordringane pasientmassen representerer til ei kvar tid.

Det er nokre ulikskapar mellom dei ulike einingane. LSA i Stavanger har den lågaste bemanningsfaktoren i regionen (3.0), og andelen ufaglærte er høgast i regionen (25%). Samstundes er det slik at LSA i Stavanger er under sterk oppbygging, jamfør regional plan for sikkerheitspsykiatrien. LSA i Fonna har lågast andel med dokumentert kompetanse for valdsrisikovurdering (20%) og det er sett i verk tiltak for å auka andelen med slik kompetanse. Førekosten av vald og truslar er rapportert samla for psykisk helsevern og rus, slik at det ikkje har vore mogeleg å isolere tal frå dei lokale LSA. Dei variasjonane som kjem fram kan vere tilfeldige variasjonar både knytta til reell førekomst av slike hendingar, og til variasjonar i kor nøyaktig dei tilsette velgjer å vere med omsyn til å melde og rapportere.

Rapporten 'Antall vold og trussel hendelser pr 100 000 vakt' har tal frå Bergen og Stavanger som er store nok til å vere robuste i analysar. Ein kan positivt merke seg at det er monaleg nedgang i tal vald og trusselhendingar frå 2020 til 2022, med talmessig indikasjon om vidare nedgang i 2023.

Når ein ser samla på bemanningsfaktor, på kompetanse og på førekomst av vald og truslar om vald, er administrerande direktør si vurdering at tenestene er forsvarleg organisert. Det er stor merksemd mot oppbygginga av kapasitet og kompetanse innan sikkerheitspsykiatrien og dette vil bli følgt opp vidare saman med helseføretaka.